

Solidaritetsprosjekt Bømlo Folkehøgskule

Retningslinjer for fordeling av midlar som blir samla inn, gitt som gåve m.v.

Elevar og tilsette samlar inn midlar for å ta med seg ut på dei ulike linje- og skuleturar.

Vi finn gode prosjekt som vi støttar og som elevane kan besøkje under linje- eller skuletur.

Nye prosjekt får litt mindre i støtte, til vi ser kva det er og om det er noko som fungerer.

Prosjekta skal gi elevane ei oppleving av å ha gjort ei forandring for nokon.

Ved fordeling av midlane blir det lagt vekt på følgjande:

- Tal elevar på linja
- Innhald i prosjektet (alder på målgruppe, behov, verdigrunnlag m.v.)
- Kontinuitet
- Område

Dersom eit prosjekt fell frå, er det semje om å gi pengane til eit anna prosjekt.

Linjelærar gir melding til administrasjonen om kva prosjekt dei vil støtte, og midlane blir overført anten direkte til prosjektet eller til lærar.

Vi stadfestar med dette at innsamling til skulen sine solidaritetsprosjekt går uavkorta til ulike prosjekt på dei ulike linjeturane til skulen.

Pengar som eventuelt kjem inn på skulen sin hovudkonto, blir overført til Solidaritetskontoen.

Finnås, 13. november 2017



Magne Grøneng Flokenes
Rektor



Elise Skjenald
Kontorleiar